

Rullering av handlingsprogrammet
2023-2024

SATSINGSOMRÅDE 1: LEVANDE LOKALSAMFUNN		
Prosjekt/tiltak	Kort skildring	Status
Berekraft i kvardagen	Inspirere til lokale møteplassar/kurs: <ul style="list-style-type: none"> - Miljøvennlege val i heimen - Redusere - Reparere - Resirkulere - Ansvarleg forbruk - Dyrke mat til eige bruk 	Ikkje iverksett som prosjekt. Hatt temadag med elevar på Knarvik Vgs
Berekraft i kvardagen (digital)	Byggje opp ein digital møteplass for å inspirere og spreie kunnskap om korleis ta meir berekraftige val i kvardagen	Publisert artikkel under emnet på heimesida Konsept på sosiale media
«Heimelaga» handlingsbåren kunnskap på tvers av grupper, generasjonar, landskap	Byggje bru mellom fortid og notid med å leggje til rette for å lære og vidareutvikle <ul style="list-style-type: none"> - gamle handverk og ferdigheiter - mattradisjonar - Heimeproduksjon; bruk av lokale ressursar og kultur 	Realisert gjennom ulike tiltak som er iverksett: Historiebanken: artikkel med historier frå biosfæreområde frå tidlegare tider. 'Cultivate' (2021 – 2023) eit internasjonalt prosjekt der fleire biosfæreområde saman ser på korleis kulturtradisjonane og kulturarven kan nytast sterkare til berekraftig utvikling både i lokalsamfunna og i landskapet. Partnerar: Skotland, Tsjekkia, Estland og Norge Handverksruta - reiselivsprosjekt Ullveka
Berekraftige kommunar	Bidra til at kommunane i regionen kan utvikle gode, felles grep og metodar for berekraftig utvikling	Ikkje iverksett som tiltak Gjennomført eit seminar om temaet på 'Day Zero', UiB sin 'SDG Conference' Samarbeid med planavd. Alver

SATSINGSOMRÅDE 2: NATUR, MILJØ OG KLIMA

Prosjekt/tiltak	Kort skildring	Status
Biologisk mangfald/ biodiversitet	Bygge oppunder og spreie kunnskap om dei unike naturverdiane vi har i Nordhordland, og særskild i verneområda våre	Ikkje realisert fullt ut. Nokre artiklar er publisert Vassdirektivet dekker ein del av dette arbeidet
Landskaps- prosjekt	Plan for heilskapleg forvaltning av utvalde landskap i biosfæreområdet	Gjennomført forprosjekt. Hovudprosjekt ikkje iverksett Kan vere eit grunnlag for dette gjennom samarbeid med Nordhordland Naturvernforbund, ved å peike ut eit pilotområde.
Berekraftig arealbruk	Sjå på behov for å kartleggje arealpress og kva berekraftig arealbruk kan bety i Nordhordland	Forskningsprosjekt gjennom NFR 'Biosphere' (2021 – 2025) som UiB leiar og der Alver kommune og vi er partnerar. Utgangspunkt: Korleis kan landskap tilby fleire funksjonar og økosystemtenester og på same tid ivareta biologisk mangfald?
Ut i naturen	Tiltak for sjølve grunntanken i MAB-programmet: biosfæreområda skal inspirere til å bli glad i, lære av og ta vare på naturen	Ikkje iverksett som prosjekt . Tiltak som støtter: Dagsturhytter, Stolpejakt

SATSINGSOMRÅDE 3: KUNNSKAP OG LÆRING

Tiltak	Kort skildring	Status
Ung i biosfæreområdet UNESCO-skular	Utvikle eit utdanningsprogram for berekraftig utvikling i biosfæreområdet gjennom oppveksten	Prosjektplanlagd, omsøkt, ikkje finansiert Tett samarbeid med FN-sambandet. Gjennomført UNESCO-skulekonferanse og møter om Nettverket i skuleleiinga. Nordisk samarbeid: Ungdomsambassadør, i søknadsfase
Framtidslab og formidling av forskning i biosfæreområdet	Vidareutvikle samarbeid med forskings- og utdannings-institusjonar Marknadsføra biosfæreområdet som ein stad for forskning, gjerne kopla saman med behov i næringslivet Etablere kanalar (digitale og andre møteplassar) for formidling av forskning	Iverksett i prosjektet 'Kunnskapsdrevnen berekraft' (2020-2022) Utstilling: Sirkulære Nordhordland 2023
Naturgoda (økosystem-tenestene) i biosfæreområdet	Forskning og formidling av korleis folk i biosfæreområdet verdset og brukar naturen	Iverksett gjennom prosjektet Trad Mod (2017-2022), undersøkinga presentert for kommunane – vidare analyser framover Resultata ver brukt i prosjektet i samarbeid med Island og 11 biosfæreområder i Portugal: 'Sustainable territories, resilient communities' (2020-2023)
Klimabonden	Praktisk retta utgreiings- og informasjonsprosjekt som fører til auka kunnskap om meir miljøvenleg matproduksjon	Iverksett Biosfære youtube kanal
Actionable	Få kunnskap på ulike, målbare parametarar for å kunne måle og rapportere tilstand i biosfæreområdet	Oppstart hausten 2023

SATSINGSOMRÅDE 4: GRØN VERDISKAPING

Tiltak	Kort skildring	Status
Frå avfall til ressurs	Tiltak innan sirkulærøkonomi	Delteke i forprosjekt, Bioregion Vestland. Hovudprosjekt ikkje iverksett. Studentprosjekt Høgskulen i Vestland
Fornybar energi	Etablerer kunnskapsbase/ ressurscenter for hausting av fornybar energi og energieffektivisering for privat / småskala bruk	Ikkje iverksett som prosjekt.
Berekraftig reiseliv	Utvikle gode opplevingar og produkt knytt til lokale ressursar. Pågåande prosjekt her er Ullruta. Kan vidareutviklast og komplimenterast med fleire initiativ	Reiselivskonferansen 2021 Ekspertgruppe Visit Bergen, Berekraftig utvikling Iverksett forprosjekt 'Handverksruta' – vidareføring Ullruta og i tett tilknytning til prosjektet 'CULTIVATE'
Smak av Nordhordland	Pågåande prosjekt for lokalmatprodusentar med fokus på produkt, kompetanse og marknad	Hovudprosjekt avslutta. Vidareført med fokus på merkevarebygging knytt til UNESCO status
Utvikle biosfærefond og biosfærepris	Stimulere verksemder i biosfæreområdet til å ta gode miljøval med omsyn til miljø,	Biosfærepris kan vere aktuelt i samband med programmet "Stolt medspelar"

SATSINGSOMRÅDE 5: MØTEPLASSAR OG KOMMUNIKASJON

Tiltak	Kort skildring	Status
Etablere dialogarena/ møteplassar	Etablere møteplassar som fremjar berekraftig utvikling og støtter opp under satsingsområda Konferansar, tema-møter biosfærefestival	Planlagt
Utvikle partnerskap og ambassadør-program	Plattform for ulike samarbeids-tiltak	Stolt medspelar
Merkevarebygging	Vidareutvikle visuell profil, retningslinjer for sal av produkt, skiltprogram Retningslinjer for bruk av biosfærelogo/"stempel"	Tilrettelagt for kontinuerleg arbeid
Vidareutvikle digital plattform	Nettside, sosiale media, nyheitsbrev Digital møteplass Ein orientering og møteplass for ulike tema for å dele informasjon, bygge kunnskap og sette personar med same interesser i kontakt med kvarandre	Ny nettstad Har fb, insta og youtubekanal